



## Nemndsvedtak i sak 2007/06

**Klagar:** Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/ Øystein Folden  
6630 TINGVOLL

**Innklaga:** Miljøservice AS  
Postboks 105  
6499 EIDE

### **Kva saka gjeld:**

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har klagd Miljøservice AS inn for Klagenemnda for miljøinformasjon fordi Naturvernforbundet ikkje er nøgd med svaret Miljøservice har gjeve på spørsmål som Naturvernforbundet har stilt bedrifta. Spørsmåla gjeld ulike sider ved handtering av avfall.

### **Bakgrunnen for saka:**

Miljøservice AS handterer ulike typar avfall. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal er kritiske til dei miljømessige sidene knytte til denne handteringa av avfallet. Naturvernforbundet opplyser at dei har fått spørsmål frå publikum om bedrifta og at det har vore noko mediemerksemd knytt til drifta ved verksemda. Dette er bakgrunnen for at Naturvernforbundet tok kontakt med Miljøservice.

### **Saksgangen:**

I brev dagsett 22. mars 2007, stilte Naturvernforbundet ei rekkje spørsmål til Miljøservice, som i hovudsak dreidde seg om avfallsmengd, type avfall, overflatevatn og økonomisk tryggleik.

Miljøservice svarte i brev av 23. april 2007. I svaret presenterte Miljøservice mellom anna tal på avfallsmengda som hadde blitt handsama ved anlegget dei siste åra. Verksemda sin rapport til fylkesmannen blei også lagt ved svarbrevet. Det blei også vist til søknad om nytt utsløppsløyve som det blei opplyst snart var ferdigbehandla.

I nytt brev dagsett 10. mai 2007, skreiv Naturvernforbundet til Miljøservice at svara som var gjeve ikkje var gode nok. Naturvernforbundet ba om nytt svar på dei spørsmåla som dei meinte Miljøservice ikkje hadde svart godt nok på. Konkret viste Naturvernforbundet til at talmaterialet for året 2004 var utilstrekkeleg, at Miljøservice måtte forklare kvifor avfallsmengda hadde auka og på kva måte mengda hadde auka (mengd ureine fraksjonar). Det blei også stilt spørsmål ved om handsaminga var i tråd med løyvet for avfallshandtering, om rutiner for måling og kontroll med overflatevatn og om økonomisk tryggleik for usorterte volum.

Miljøservice ba Naturvernforbundet i e-post dagsett 8. juni 2007 om utsett svarfrist i ein månad. Naturvernforbundet innrømde i e-post ny svarfrist sett til den 15. juni 2007.

Naturvernforbundet fekk ikkje svar innan fristen og klagde Miljøservice inn for Klagenemnda for miljøinformasjon i brev dagsett 29. juli 2007. Spørsmåla klagar meinte innklaga ikkje hadde svart godt nok på, gjaldt i hovudsak spørsmål om tal på sortert og ikkje-sortert avfall, spørsmål om målekum og prøvetaking av overflatevatn og spørsmål om økonomisk tryggleik for usorterte volum.

Miljøservice blei underretta om klagen i brev frå klagenemnda dagsett 30. juli 2007 og fekk frist på tre veker for å sende inn tilsvaret. Miljøservice svarte i brev dagsett 11. august 2007. I brevet opplyste Miljøservice at svarbrev til naturvernforbundet dagsett 10. juli 2007 på grunn av ein feil ikkje hadde kome fram til mottakaren tidlegare, men at brevet var blitt sendt på nytt den 9. august 2007. Kopi av svarbrevet til naturvernforbundet blei lagt ved til klagenemnda. I brevet har Miljøservice svart på spørsmål om volumrekneskap, avrenning og økonomi. Miljøservice skreiv at dei etter dette såg seg ferdige med saka.

Naturvernforbundet fekk høve til å kommentere brevet frå Miljøservice og sendte kommentarar til brevet med kopi til innklaga den 27. august 2007. Naturvernforbundet meiner at det står att følgjande tre spørsmål som klagaren ber klagenemnda om å vurdere:

- a) *Må Miljøservice AS utlevere prøvesvar frå prøver teke i veke 27?*
- b) *Må Miljøservice AS opplyse kva det kostar å sortere den delen av avfallet som ikkje er sortert?*
- c) *Må Miljøservice AS opplyse om det finst ei garantiordning i dag for sorteringskostnader knytte til avfall som ikkje er sortert?*

**Klagaren, Naturvernforbundet, gjer gjeldande:**

Når det gjeld prøvetaking, skriv klagaren i brevet til innklaga dagsett 10. mai 2007:

*"Naturvernforbundet vil vite om de har kontrollordningar for det vatnet som går ut av dykkar anlegg. Vidare kva desse kontrollordningane viser av stoff.(...) ...vi kan ikkje sjå at det er prøvetakingskummar eller liknande."*

Når det gjeld kostnader ved sortering og garantiordning for usortert avfall, skriv Naturvernforbundet dette i same brevet:

*"Kor mykje av avfallet er i en tilstand som let seg selje, og kor mykje vil det koste før resten kan avhendast rekningsvarande. Er det økonomisk tryggleik også for avhending av dei usorterte voluma?"*

*Når vi har samanlikna svara med bileta vi har fått, ser rapporten med tala mykje betre ut ein det ein skulle tru når ein ser bileta av verksemda. Svaret vi har fått til no gir same inntrykk."*

**Innklaga, Miljøservice, gjer gjeldande:**

Miljøservice skriv i brevet dagsett 10. juli 2007 at

*"Det er tatt prøver av vannet som renner ut på sidene av vårt anlegg i uke 27. For øvrig inngår prøvetaking av avløpsvannet i vår nye tillatelse."*

*Garanti som dekker disponering av mellomlagret avfall inngår i vår nye tillatelse."*

## Vurderinga frå nemnda:

### 1 Lovval

Ettersom spørsmåla ikkje gjeld produktspesifikk informasjon, er det reglane i miljøinformasjonslova som gjeld i denne saka.

### 2 Miljøinformasjon og retten til å få slik informasjon

Omgrepet "miljøinformasjon" omfattar faktiske opplysningar og vurderingar om miljøet, om faktorar som påverkar eller kan påverke miljøet, og om helse, tryggleik og levkår i den grad dei blir miljøpåverka eller kan bli miljøpåverka, jfr miljøinformasjonslova § 2.

Etter § 16 i lova har ein rett til å få miljøinformasjon om "*forhold ved virksomheten, herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet.*"

Klagenemnda tek stilling til dei tre spørsmåla separat.

#### 2.1 Spørsmål a) om prøvesvar

Prøver av overflatevatn er ein viktig reiskap for å skaffe seg informasjon om muleg forureining. Dette er opplysningar som er viktige for verksemda sjølv og som er avgjerande for at bedrifta skal kunne kontrollere at offentlegrettslege krav til utslepp blir overheldt. Opplysningane er viktige også for andre som ønskjer informasjon om miljømessige tilhøve ved denne type verksemdar.

I forarbeida til miljøinformasjonslova (Ot. prp. nr 116, 2001-2002) går det på side 155 fram at:

*"Første ledd bokstav b omhandler hvilke påvirkningsfaktorer som er omfattet av miljøinformasjonsbegrepet, og skal ses som en ikke uttømmende eksempelliste. I første rekke er det menneskelig aktivitet som påvirker utviklingen i miljøtilstanden. Dette er blant annet « faktorer som stoffer, energi, støy og stråling og aktiviteter eller tiltak », slik Århuskonvensjonen uttrykker det i artikkel 2 nr. 3 bokstav b. Uttrykket « påvirker eller kan påvirke » må anses å omfatte påvirkninger både i negativ og positiv retning, dvs. det som forringer miljøverdier, og tiltak til vern om miljøet. Den skal fange opp alle de faktorer som er nevnt i Århuskonvensjonen artikkel 2 nr. 3 bokstav b. Oppregningen er ikke uttømmende, jf. « herunder ». For eksempel er det klart at forurensende utslipp og avfall omfattes, selv om det bare delvis dekkes av underpunktene som nevnt i bokstav b."*

Prøvesvar av overflatevatn er faktiske opplysningar som klagenemnda meiner ligg i kjerneområdet for kva som er å sjå som miljøinformasjon.

Miljøservice har ikkje gjeve Naturvernforbundet innsyn i prøvesvara og har såleis ikkje oppfylt informasjonsplikta etter miljøinformasjonslova § 16.

## 2.1 Spørsmål b) om kostnader ved sortering av usortert avfall

Klagenemnda viser til legaldefinisjonen i § 2 i lova og i særleg grad til § 2 (1) bokstav b om "forhold ved drift av virksomhet." Sjølv om ein ikkje kan innfortolke eit klart krav om miljøpåverknad her, må føresegna sjåast i lys av og i samanheng med § 9 om at verksemdar pliktar å ha kunnskap om tilhøve ved verksemda, "herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet." I

I forarbeida til § 9 (Ot. prp. nr 116, 2001-2002) er det på side 155 uttalt at:

*"Når det gjelder avfall, vil som hovedregel opplysninger om avfallsproduksjon og -håndtering i de fleste virksomheter av noen størrelse være forhold som kan medføre « ikke ubetydelig påvirkning på miljøet ». Virksomheten vil derfor som hovedregel ha plikt til å ha kunnskap om hvilke typer avfall som oppstår i virksomheten, og hvordan dette avfallet håndteres, dvs. hvordan avfallet oppbevares, eventuelt sorteres og behandles, herunder om avfallet leveres til sluttbehandling eller gjenvinning. Virksomheten vil også måtte ha kunnskap om deler av avfallet som måtte inngå i bransjevise retur- eller gjenvinningsordninger. Forekomst av spesialavfall anses å være forhold som alltid kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet. I virksomheter hvor det oppstår spesialavfall, vil virksomheten alltid måtte ha kunnskap om hvordan dette avfallet sikres forsvarlig håndtering. "*

Spørsmål om kostnader ved sortering av avfall gjeld reint økonomiske tilhøve ved drifta som nemnda meiner må karakteriserast som faktiske opplysningar som ikkje gjeld miljøet i seg sjølv.

Nemnda har kome til at opplysningane om sorteringskostnader ikkje fell inn under definisjonen av miljøinformasjon etter lova og Miljøservice har difor ikkje plikt til å gje Naturvernforbundet denne informasjonen.

## 2.1 Spørsmål c) om garantiordning

Garantiordning for avfallsdeponi er regulert i avfallsforskrifta som er forskrift nummer 930 av 1. juni 2004, gjeve med heimel i forureiningslova nummer 6 av 13. mars 1981. Kapittel 9 gjeld deponering av avfall. Av § 9-10 i forskrifta går det fram at

*Ethvert deponi skal ha tilfredsstillende finansiell garanti eller tilsvarende sikkerhet for å sikre at forpliktelsene som følger av tillatelsen, herunder avslutnings- og etterdriftsproseduren som kreves etter §9-15, kan oppfylles.*

*Samtlige kostnader til anlegg og drift av et deponi skal dekkes ved den prisen som den driftsansvarlige krever for deponering av avfall på deponiet. Dette gjelder også kostnaden ved finansgarantien eller tilsvarende sikkerhet som nevnt i første ledd og anslåtte kostnader ved avslutning og etterdrift av deponiet i en periode på minst 30 år.*

Det fylgjer av dette at avfallsdeponi pliktar å ha ei garantiordning. Etter forureiningslova § 11 og § 29 skal det setjast vilkår om slik garanti eller finansiell tryggleik overfor verksemda. Dette fylgjer av avfallsforskrifta § 9-9 bokstav e.

Miljøservice har i brevet dagsett 10. juni 2007 opplyst at løyvet har vilkår om slik garanti. Kva type garanti verksemda har er det ikkje gjeve opplysningar om..

Formålet med garantien er å gje tryggleik for at avfallsdeponi skal kunne fylle krava i løyvet om å motverke forureining, og sikre både at det er økonomiske middel til at deponiet kan bli avslutta på ein forsvarleg måte, og til etterdrift av deponiet (overvaking av utslepp). Innhaldet i garantien er difor å sjå som "*forhold ved driften som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet*". Verksemda må difor svare på om det er etablert ei garantiordning, og i så fall korleis denne ordninga er.

#### **Vedtak:**

Med heimel i Lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser § 19 gjer nemnda dette vedtaket:

- Miljøservice AS må innan 30 dagar frå vedtaket er motteke svare på spørsmål a) og c).

Vedtaket er endeleg og partane kan ikkje klage.

Vedtaket er særleg tvangsgrunnlag etter Lov av 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) kapittel 13 og kan bringast inn for domstolane.

Oslo, 23. oktober 2007

  
Jan Fougner  
Leiar

  
Andreas Pihlstrøm

  
Gunnar Bodahl-Johansen